



Absolutt Form - Rolf Hermansen  
Rolf Hermansen  
Leirvikveien 68  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9846 - 21/84242

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
13.12.2021

## **Svar på førespurnad som gjeld rehabilitering av bygg - gbnr 1/10 Flatøy**

Vi viser til dykkar førespurnadar som gjeld rehabilitering av kommandantbustaden på gbnr 1/10 Flatøy.

Tiltaket krev søknad og løyve, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3.

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommunedelplanen for Meland er avsett til LNF-føremål med omsynssone H530\_2 friluftsliv.

Kommandantbustaden er registrert i matrikkelen med kode 199 – annan bustadbygning. Bygningen er ikkje formelt verna. Vi har vore i kontakt med kommunen si kulturavdeling som opplyser at det vil verta fremja forslag om at området kjem inn i kulturmiljøplanen til kommunen med særskild omsynssone. Rehabiliteringa må ta omsyn til bygget sin kulturminneverdi og utførast i tett dialog med kommunen si kulturavdeling og Kulturverntenesta for Nordhordland. Det vil verta sett krav til både materialval og utføring.

Dersom det er trong for ytterlegare informasjon i saka tilrår vi at de bestiller førehandskonferanse.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Absolutt Form - Rolf Hermansen

Leirvikveien 68

5179

GODVIK